# P R O T O K O L L

| REGIONUTVALG MIDT-NORGE | | |
|---|---|---|
| **Møtested:** | Quality Airport Hotel Værnes | |
| | | |
| **Dato/tid:** | 12. mars 2019 kl 10.30 – kl 17.00 | **Protokoll: 01/19** |
| | | |
| **TIL STEDE:** | | |
| **Arbeidsutvalg Midt-Norge:** | Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Johan Kristian Daling, Trude Sandstad Eldnes, Kolbjørn Frøseth, Bård Tore Berntsen og Sverre Tyldum. | |
| **Regionutvalg Midt-Norge:** | Kari Anne Sklett, Lars Harbækvold, Sigmund Johansen, Ingrid Hansen, Johan Petter Bergin, Tilde Sæther, Tone Sklett, Sverre Tyldum, Tormod A. Bergum, Åse Marie Foss Bruun, Geir Brede, Signe L. Nordmeland, Tore Rennan, Line Torill Fjellheim, Ole Edvard Silderen, Marit Emelie Holmsberg, Jon Inge Bragstad, Anders Røflo, Ivar Wang, Mette Karlgård, Svein Inge Ydse, Jørgen Baumfelder, Mette Aatlo, Jonas Rekkebo, Ragnar Valstad, Ingrun Sivertsen, Åge Grenne, Geir Håvard Valstad, Fridtjov Skjerve, Sverre Ronglan, Odd Erik Rødde, Toril Ofstad Selboe, Torleif Slåen, Per Magnus Borten Moe, Rune Sunnset, Arnt Håkon Fløttum, Sivert Nygaard, Per Hindseth, Bård Tore Berntsen, Erik Kalstad, Lars Oddbjørn Størset, Olav Sterten, Egil Berdal, Torbjørn Flenstad, Inge Hårstad, Ann Steen Dolmseth, Steinar Lium, Jan Vollan, Morten Stefan Berg, Jørgen Rønning, Ole Wegard Iversen, Kari Årvåg Goa, Tore Simonset, Trine Reinfjell Engdal, Jan Henrik Moen, Lars Arne Reitan, Torill Farstad Vågen, Lars Konrad Bolli, Randi Varhol, Jorunn Karin Kvernen og Rolf Kristian Blekken. | |
| **Valgkomité Midt-Norge:** | Halvor Braa, Jorunn Gunnerød, Kåre Aakre, Steinar Lium og Reidun Stølen. | |
| **Andre:** | Jan Edvin Hoem (årsmøteutsending), Bente Bjerkeset Solenes (sentral valkomité) og Borgny Kjølstad Grande (gjest) | |
| | | |
| **Forfall:** | Geir Joar Werstad (vara Johan Petter Bergin møtte), Kari-Anne Grandaunet Jensen (vara Tilde Sæther møtte), Marit Hoff (vara Åse Marie Foss Bruun møtte), Bjørn Eskil Håpnes, Arve Morten Sverkmo, Geir Arve Krogstad, Even Landrø (vara Rune Sunnset møtte), Eilif Peder Folstad (vara Sivert Nygaard møtte), Tomas Øverås, Finn Roger Trodal (vara Randi Varhol møtte). | |
| | | |
| **Konsernstyret:** | Trine Hasvang Vaag og Olav Håkon Ulfsnes | |
| **Administrasjonen:** | Roy Albertsen, Silje Laugsand Pynten, Bjørn Wæhre, Magne Trondmo og Brit Kari Eidseflot Hauger | |
| | | |
| **Referent:** | Brit Kari Eidseflot Hauger | |

| Sak nr | Sak |
|---|---|
| 1 | **Konstituering av møtet**<br>Lars Morten Rosmo ynskte velkomen og Brit Kari føretok opprop.<br><br>Ingen merknader til innkalling og sakliste.<br><br>**Vedtak:**<br>**Innkalling og sakliste vart godkjent.**<br>**Signe Lillian Nordmeland og Ole Wegard Iversen vart valt til å godkjenne protokoll saman med møteleiar.** |
| 2 | **Årsmelding og rekneskap for Nortura SA**<br><br>Brit Kari ga ei oppsummering frå kretsmøta si behandling. |

| | |
|---|---|
| | Olav Håkon Ulfsnes orienterte om årsresultat EBITDA 2018, utvikling i EBITDA for Nortura konsern frå 2017 til 2018 – kva har dratt ned og kva har dratt opp, tre hovudpunkt i 2018, konsernbalansen og forslag til disponering av årsresultat. Vidare at vi har hatt 2 år utan renteberekning og inga utbetaling av medlemskapital. Nortura bidreg til bondeøkonomien på fleire område. Totalmarknad egg, nokre milepælar for storfekjøt i 2018, sau og lam på vei mot balanse, totalmarknad svin og kyllingmarknaden veks.<br><br><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Tormod Bergum, Sigmund Johansen, Morten Stefan Berg, Tore Rennan, Lars Størset, Jørgen Rønning, Halvor Braa og Odd Erik Rødde.<br>• Frustrerande å kome i butikken etter jul og ikkje finne Gilde-varer som stjernebacon. Er vi flinke nok til å vere frampå? Vert tomt når vi prioriterer å skjere ribbe, men historikken til butikk viser kva dei har bestilt tidlegare. Fullt på reguleringslager, så det må ikkje vere slik. Kan skjeringa av ribbe gjerast om på, så det også kan produserast bacon?<br>• Gått opp og ned siste åra, med dårlege avtalar, dårleg prosjektering, rettssaker, m.m. Spm på kretsmøtet om styret er tett nok på. Er sluttpakkar for ansatte for gode? Kostnad og openheit om innføringa av SAP? Kor langt skal det gå før det vert sett stopp? Openheit for eigarane: Føler vi ikkje får vite alt. Eksport: Må sjåast meir på, t.d. bruke Grune Woche som arena.<br>• Spm om disponering av medlemskapital: Ja takk begge delar. Vi må investere, men vi må ha ein plan for investeringa. Investert i ekspedisjon på Malvik, no delar nedlagt. Steinkjersanlegget går godt, må gjerast nødvendige investeringar.<br>• Distribusjon var massiv sak på kretsmøta i fjor. Kretsmøtet i år synest det er gjeve lite info om kva som har skjedd. Mykje forbetringar er gjort, men fortsatt mogelegheiter. Disponering av medlemskapital: Når vi får resultat, må rentene utbetalast. Rullering må vi vente litt på.<br>• Disponering av medlemskapital: Må minimum ha forentning. Mykje raude tal hos døtrene, stiller vi krav til avkastning på kapital? Vurdere avhending? Sluttpakkar: Kva vert summen neste år? Er det rett med sluttpakkar når vi må kvitte oss med folk?<br>• Redusert vedlikehald er eit tiltak, kva kan verte konsekvensane?<br>• Største delen av forbetringsprogrammet er redusert produsentpris – skal den fortsette? Ikkje renter og rullering av medlemskapital gjev konsekvensar for eigarane.<br>• Marknadsregulatorrolla: Har vi att for den jobben? Har vi reiskapa som skal til? Føler einaste reiskapet er redusert pris. Kvifor vert ikkje kvoter på kjøtproduksjon diskutert?<br><br>Olav Håkon og Trine kommenterte og svarte på spørsmåla.<br><br>**<u>Vedtak:</u>**<br>**Regionutvalet tek gjennomgangen av årsmelding og rekneskap, samt oppsummeringa frå kretsmøta til orientering.** |
| **3** | **Styreleiar sin time**<br><br>Trine orienterte om konstituert konsernsjef og nestleiar – kva no? Bondens selskap, vi skal vere gjenkjenneleg. Hovudretning. Eit meir marknadsorientert Nortura. Vi må bevise stabil høg leveringsprestasjon. Berekraftig distribusjon. Årleg EBITDA-effekt av Forbetringsprogrammet. Forenkling ved oppdeling i forretningsområde, med reduksjon av indirekte kostnader. Redusert og rett sortiment. Industristruktur og mogeleg retning. Industrisal. Egg – aktiv jobbing for å lande ein større avtale.<br><br><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Halvor Braa, Jørgen Baumfelder, Tore Rennan, Lars Reitan, Mette Karlgård, Fridtjov Skjerve, Sigmund Johansen og Lars Størset.<br>• Har prata med ein ansatt på mellomnivå som har vore på besøk hos Norgesgruppen, som vart godt mottatt og fekk gode tilbakemeldingar.<br>• Når TINE greier å behalde distribusjonen og tener pengar, kvifor klarer ikkje Nortura det? |

| | |
|---|---|
| | • Kor raskt får vi svar på kor godt det går på dei ulike resultatområda? Vil dei tillitsvalde få nokon oversikter?<br>• Differensiering på dyreslag har vi høyrt før. Som tillitsvalde etterspurte vi tal på det, men fekk det ikkje.<br>• Forbrukar bryr seg ikkje om pris, t.d. på økologiske produkt. Forbrukar bryr seg mykje om dyrevelferd. Nortura må lære av TINE, som vil kome NOAH i forkjøpet. Må byggast opp under merkevarene på dyrevelferd.<br>• Opptatt av at vi kan gjere det betre på inntransport, t.d. på småfe.<br>• Positivt at styret har tatt grep og rydda i adm og organisasjon. Dårleg inntrykk når Hans Thorn Wittussen seier vi ikkje er i krise. Når er vi då i krise? Økonomi og sentrale personar som ser etter alternative jobbar er dårlege teikn. Produsentar er utålmodige og synest det går for seint. Vi som eigarar må vere bevisst eigarrolla, t.d på inntransport som må vere rimelegast mogeleg, melde inn dyr utan krav om særbehandling om dag, tilrettelagt opplasting utan konsekvensar for oss.<br>• Likte godt at det som vart sagt om kulturendring og lære av feil. Ikkje fått svar på reforhandling av sluttpakkar.<br>• Hans Thorn Wittussen og Lisbeth Svendsen som sit i leiinga no har vore i leiinga tidlegare, kvifor har det ikkje skjedd noko før? Vert skremt, håpar de no er på rett vei.<br><br>Trine kommenterte og svarte på spørsmåla. |
| **4** | **Orientering om tilførselsarbeidet i Råvare og Medlem region Midt**<br>Lars Morten Rosmo orienterte om engasjement og arbeidet som har vore gjort på inntransport. Uro og spørsmål har AU tatt tak i, for om mogeleg gje avklaringar. Har tatt ein prat med alle transportørar, samt dei kretstillitsvalde som har jobba mest med dette, samt gjort avklaringar i forhold til adm. La fram konklusjon frå AU om at dei ikkje kan sjå at det er gjort feil frå Nortura si side. Forslag til vedtak i RU: AU vil be kontrollkomitéen vurdere vår gjennomgang av saka og sjå om det er grunn for å gå djupare inn i temaet.<br><br>**Fylgjande vedtak var samrøystes:**<br>**RU vil be kontrollkomitéen vurdere AU sin gjennomgang av saka og sjå om det er grunn for å gå djupare inn i temaet.**<br><br>Roy Albertsen orienterte om prosjekt inntransport 2025, med leveransar, målbilete, tiltak, kostnadsdrivarar, verkemiddel, klimarekneskap, dyrevelferd og føreslåtte modellar. Vidare om marknadsandelar og tiltaksplan for å betre marknadsandelane. Lengdemåling som ny objektiv klassifiseringsmetode, med status pr kategori og rase.<br><br><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Mette Karlgård, Ingrun Sivertsen, Tore Simonset, Erik Kalstad, Per Hindseth og Odd Erik Rødde.<br>• Kva vil skje på inntransport vidare framover?<br>• Kva er matebilar?<br>• Snakk om to-etasjers bilar, vegen er ikkje flat så det kan vere utfordrande.<br>• Skeptisk til modell 1 der Nortura skal velje seg ut ein samarbeidspartner, må vel vere konkurransevridande?<br>• Veldig opptatt av sjåførane vi har, må ta godt vare på dei, finne ei løysing utan å ende opp med krangel.<br>• Kvifor ser Nortura seg tent med å vere med å eige transportselskap?<br>• Må vi auke kraftfôrmengda for å redusere framfôringstida? Korleis kjem «grassfeed» inn i det biletet?<br><br>Lars Morten og Roy kommenterte og svarte på spørsmåla. |

| | |
|---|---|
| **5** | **Orientering frå Nortura Malvik**<br>Odd Erik Sveen orienterte om innføringa av SAP på Nortura Malvik og ny kvardag. Vidare om inntransport til slaktefjøsen og konsekvensar av at det ikkje fungerer.<br><br><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Mette Karlgård, Morten Stefan Berg, Tormod Bergum, Jorunn Gunnerød og Tore Rennan.<br>• Driv med sau og ser potensialet i at vi kan verte betre. Kva konkret kan vi gjere?<br>• Eg som fôrar fram oksar kan melde inn på lenger sikt. Det bør det vere ordningar for.<br>• Kvar vert det av dei elektroniske øyremerka på storfe?<br>• Ofte levering måndag morgon. Frist for å endre individnr er 24 timar før henting. Finnast det noka mogelegheit for at vi kan skifte individnr i løpet av helga? Evt ein vakttelefon der vi kan melde det inn?<br>• Endring av individ må kunne gjerast siste veka før via Min Side. Må no ringe om endring, hadde spara Nortura for mykje ressursar.<br><br>Odd Erik og Trine kommenterte og svarte på spørsmåla. |
| **6** | **Open post/lokale saker**<br>Saker meldt inn til open post på førehand:<br>• Brit Kari svarte på spørsmål om kvifor Choice-hotellet er valgt som lokale for RU-møtet.<br>• Trine svarte på spørsmål om Angus-avtalen og tillegg.<br>• Spørsmål om kostnad med NOVA var svart ut av Trine tidlegare.<br><br><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Tore Rennan, Sigmund Johansen, Kåre Aakre, Jan Hoem, Ingrun Sivertsen, Erik Kalstad, Jørgen Baumfelder, Arnt Håkon Fløttum og Lars Reitan.<br>• Tillit og dyrevelferd er viktig. Nødslaktordninga er underlagt køyre- og kviletid, som har ført til saker som ikkje er akseptable. Nortura må enten søke om unntak frå køyre- og kviletida, eller rigge oss slik at vi kan oppdrag på kort varsel. Kadaver- og mjølketransport er unntatt køyre- og kviletid.<br>• Ytre Namdal krets hadde meldt inn dette til open post. Ved innmelding av nødslakt får ein beskjed om at køyretida er oppbrukt, men ein annan sjåfør kan. Vert ekstra kostnad dersom ein må ha veterinær.<br>• Må unngå stopp i inntransport pga køyre- og kviletida når der er dyr på bilen.<br>• Kommentar til kvoter på gris: Kvar hadde mjølke-Norge vore utan kvoter? Kvar er grise-Norge utan å innføre kvoter om nokre år? Utan gode reguleringar kjem distriktsgrisen i fare. Må gjerast tiltak no, og regulering er ei god løysing.<br>• Angus-avtalen: Ytre Namdal krets ligg såpass langt unna anlegg at dei ikkje får tillegget.<br>• På fagmøte sau var tema dyrevelferd. Vart sagt frå leverandør til Midt-Norge slakteri at dei ikkje fekk kjøpt sau frå reguleringslager.<br>• Korleis går prosessen med ny konsernsjef? Han som er konstituert har vore tilsett i 20 år. Håpar styret ser etter nokon med nye auger og tankar, elles vert eg som eigar skuffa.<br>• Volummodell eller kontraktsmodell på gris er diskutert tidlegare. Nærheit til slakteri vil vere viktig. Svineprodusentane ynskjer rullering av medlemskapitalen.<br>• Vart medlem for 4 år sidan då eg byrja med sau. Vart oppring av Bjørn Wæhre, vil takke for god mottaking og hjelp i oppstart.<br>• Må ikkje stresse med utbetalingar til eigarane, så lenge ein må vurdere om ein skal gjere det. Har etter denne dagen større tillit til leiinga, utifrå kor tydelege og ærlege de er i infoen.<br><br>Roy og Trine kommenterte og svarte på spørsmåla. |

| | |
|---|---|
| **7** | **Val**<br>Det var 64/65 stemmeberettiga tilstades. Halvor Braa la fram valkomitéen si innstilling.<br><br>Spørsmål/kommentarar frå fylgjande: Per Hindseth<br>• Fekk tlf i fjor som 4. vara til årsmøtet berre ei veke etter valet på RU-møtet. Trudde ikkje eg skulle verte spurt. Av respekt for valkomitéen og dei som har valgt oss bør vi kunne stille dei som er valgt som årsmøteutsendingar.<br><br>**Leiar i arbeidsutvalet**: Lars Morten Rosmo, Skaun, attval for 1 år.<br>Valet var skriftleg og Lars Morten Rosmo vart valt for 1 år med 57 stemmer. 7 stemmer var blanke.<br><br>**Nestleiar i arbeidsutvalet**:<br>Valkomitéen si innstilling var: Ragnar Valstad, Levanger, attval for 1 år.<br>Valet var skriftleg og Ragnar Valstad vart valt for 1 år med 61 stemmer. 4 stemmer var blanke.<br><br>**Medlemar i arbeidsutvalet:**<br>**Arbeidsutvalsmedlem storfe:** Borgny Kjølstad Grande, Grong, ny for 2 år<br>**Arbeidsutvalsmedlem fjørfe:** Johan Kristian Daling, Steinkjer, attval for 2 år<br><br>Begge vart samrøystes valt for oppført periode.<br><br>Øvrige arbeidsutvalsmedlemar var ikkje på val:<br>Arbeidsutvalsmedlem gris: Sverre Tyldum<br>Arbeidsutvalsmedlem egg: Kolbjørn Frøseth<br>Arbeidsutvalsmedlem småfe: Bård Tore Berntsen<br><br>**Varamedlemar til arbeidsutvalet:**<br>**Vara arbeidsutvalsmedlem storfe:** Sigmund Johansen, Nærøy, attval for 1 år<br>**Vara arbeidsutvalsmedlem gris:** Jan Edvin Hoem, Gjemnes, attval for 1 år<br>**Vara arbeidsutvalsmedlem fjørfe:** Per Magnus Borten Moe, Trondheim, attval for 1 år<br>**Vara arbeidsutvalsmedlem egg:** Ivar Wang, Inderøy, attval for 1 år<br>**Vara arbeidsutvalsmedlem småfe:** Jorunn Karin Kvernen, Kristiansund, attval for 1 år<br><br>Alle vart samrøystes valt for oppført periode.<br><br>**Utsendingar til årsmøtet, i tillegg til arbeidsutvalet:**<br>Jorunn Karin Kvernen, Kristiansund, ny for 2 år<br>Tore Rennan, Steinkjer, ny for 2 år<br>Jan Edvin Hoem, Gjemnes, attval for 2 år<br>Per Magnus Borten Moe, Trondheim, attval for 2 år<br><br>Alle vart samrøystes valt for oppført periode.<br><br>Øvrige årsmøteutsendingar var ikkje på val:<br>Signe Lillian Nordmeland, Osen<br>Ivar Wang, Inderøy<br>Sigmund Johansen, Nærøy<br>Jørgen Baumfelder, Verdal<br><br>**Varautsendingar til årsmøtet:**<br>1. Steinar Lium, Ørland, for 1 år<br>2. Ole Wegard Iversen, Smøla, for 1 år |

| | |
|---|---|
| | 3. Ann Steen Dolmseth, Åfjord, for 1 år<br>4. Per Hindseth, Oppdal, for 1 år<br>5. Ingrunn Sivertsen, Levanger, for 1 år<br>6. Egil Berdal, Snillfjord, for 1 år<br>7. Line Torill Fjellheim, Steinkjer, for 1 år<br>8. Marit Hoff, Fosnes, for 1 år<br>9. Rolf Kristian Blekken, Gjemnes, for 1 år<br><br>Alle vart samrøystes valt for oppført periode.<br><br>**Valkomité i regionutvalet:**<br>Arnt Ove Løvås, Melhus, ny for 3 år<br>Bjørnar Schei, Fosnes, ny for 3 år<br><br>Alle vart samrøystes valt for oppført periode.<br><br>Øvrige valkomitémedlemar var ikkje på val:<br>Jorunn Gunnerød, Molde<br>Steinar Lium, Ørland<br>Reidun Stølen, Oppdal<br><br>**Leiar i valkomitéen:**<br>Steinar Lium, Ørland, samrøystes valt for 1 år<br><br>**Nestleiar i valkomitéen:**<br>Jorunn Gunnerød, Molde, samrøystes valt for 1 år<br><br>**Varamedlemar til valkomité i regionutvalet:**<br>1. Bjørn Svorkdal, Orkdal, for 1 år<br>2. Oddveig Gikling-Bjørnå, Sunndal, for 1 år<br>3. Siri-Gunn Vinne, Verdal, for 1 år<br><br>Alle vart samrøystes valt for oppført periode.<br><br>Lars Morten takka Trude Sandstad Eldnes for jobben ho har gjort som AU-medlem storfe. |
| **7** | **Orientering frå årsmøtet sin valkomité**<br>Bente Bjerkeset Solenes la fram innstillinga frå årsmøtet sin valkomité.<br><br>Ingen spørsmål/kommentarar. |
| **8** | **Arbeidet i kretsane og regionutvalet**<br>Lars Morten skrytte av aktiviteten i kretsane. Saker som inntransport og sau til pelsdyrfôr har vore krevjande for kretstillitsvalde, men handtert på god måte. Viktig med tett kontakt mellom AU og kretsane. Har hatt tlf møter med kretsleiarane, noko vi skal fortsette med. AU ynskjer også å delta på møter i kretsane på temamøter, opne eigarmøter og møter i kretsutvala. AU har jobba med deltaking på Trøndersk Matfestival. Nortura Tynset skal delta på ein stand, og Nortura Steinkjer på ein felles Innherred-stand. AU har også jobba for å bevare aktiviteten på Steinkjersanlegget, i tillegg til fokus på auka verdiskaping på regionale spesialitetar. Borgny Grande fekk informere om produktet Fredagstaco som vert produsert av svinenakke i samarbeid med Vilteksperten.<br><br>Vidare oppfordring om deltaking i Facebook-gruppe for tillitsvalde, info om nye kretsar som skal i gang med Ny Giv i kretsarbeidet, og viktigheita av aktivitet i kretsane. Brit Kari vil ha handlingsplan innan 1. mai. |

| | |
|---|---|
| | Ingen spørsmål/kommentarar. |

| | | |
|---|---|---|
| Lars Morten Rosmo<br>(sign.) | Signe Lillian Nordmeland<br>(sign.) | Ole Wegard Iversen<br>(sign.) |